



Konsekvens ved innføring av «forskrift om tryggleik i passasjerområde» og bortfall av «forskrift om beregning av passasjerantall og om passasjerbekvemmeligheter m.v.».

Innleiing

Sjøfartsdirektoratet planlegg å innføre ei ny forskrift frå 01.01.2022 som er relevant for passasjerområdet i passasjerfartøy. Samtidig vil «forskrift om beregning av passasjerantall og om passasjerbekvemmeligheter m.v.» (FOR-1972-10-02-4) opphøya. Basert på høyringsdokument frå Sjøfartsdirektoratet går det fram at dette medfører at ein del krav til passasjerområde/fasilitetar som før var regulert av forskrift no vert opp til oppdragsgjevar å vurdere å stille krav om ved anbudsutsetjing. Dette har medført eit ønske i Kollektivtrafikkforeningens «Båt og ferjeforum» om å utarbeide ei kartlegging av kva områder som vert påverka av endringa, samt å utarbeide ei rettleiing for kva krav oppdragsgjevar bør vurdere å stille ved anbudsutsetjing for å fange opp dei områda som ikkje lengre vil vere regulert av forskrift.

Konsekvensar ved innføring av ny forskrift for tryggleik i passasjerområde.

Virkeområde for den nye forskrifta omfattar alle norske passasjerfartøy bygd etter 01.01.2022, som har største lengd over 15 meter. Passasjerfartøy bygd før 01.01.2022 kan i staden for å oppfylle den nye forskrifta oppfylle dei krav som gjaldt på byggetidspunktet. Ved større ombyggingar av passasjerfartøy bygd før 01.01.2022 kan Sjøfartsdirektoratet likevel krevje at den delen av fartøyet som vert bygd om skal tilfredstille den nye forskrifta.

Under følger ei kartlegging som samanliknar relevante krav og rettleiar for krav til komfort og fasilitetar på hurtigbåt og ferje etter innføring av forskrift om tryggleik i passasjerområde.



Oversyn over endringar som er relevante:

Område	Gammal forskrift	Ny forskrift	Område som oppdragsgjevar bør stille krav til i konkurransegrunnlag
Krav til tal toalett	Stiller definerte krav til tal toalett tilpassa passasjerkapasitet og fartsområde. Ikkje krav til toalett dersom overfartstid er under 15minutt og det er tilgjengeleg toalett på anløpsstedet.	Krav til minst eitt toalett med stallebord. Tal toalett skal være tilpassa reisetid og passasjertal. Ikkje definert eksplisitt. Ikkje krav til toalett dersom overfartstid er under 15minutt.	Oppdragsgjevar bør vurdere å stille eigne krav til tal toalett tilpassa reisetid og passasjerkapasitet. Ved overfartstid under 15minutt risikerer ein fartøy utan toalett til passasjerar.
Seteavstand/ setedjupn /setebreidd osv.	Stiller fleire konkrete krav til seteavstand/ setedjupn /setebreidd osv. Eks. Seteavstand:68cm mellom forkant seterygg og bakkant neste seterygg Setedjupn(lengd): 42cm Setebreidd passasjerbåt/ferje 50cm Setebreidd hurtigbåt 45cm. Ståplass tillatt på passasjerfartøy/ferje, ikkje tillatt på hurtigbåt. Over 30min overfartstid: Krav til sitjeplassar for alle passasjerar, halvparten fastmontert, halvparten tillatt som lause stolar	Fleire forenklingar. Stiller ikkje krav til seteavstand, men 30cm ledig bein plass. Stiller ikkje krav til setedjupn. Krav til 50cm setebreidd Passasjerfartøy med overfartstid under 30min: Ikkje krav til sitjeplass. Passasjerfartøy med overfartstid over 30minutt: 80% fastmonterte seter, 20% lause seter (krav om sitjeplass til 50% dersom bilferje der passasjerar kan sitje i køyretøy under overfart.) Ikkje tillatt med ståplass på hurtigbåt.	Oppdragsgjevar bør vurdere å stille krav til setedjupn og evt seteavstand. For passasjerfartøy/ferje (ikkje hurtigbåt): Oppdragsgjevar bør vurdere eigne krav til tal sitjeplassar på passasjerbåt og ferje (ikkje hurtigbåt)



Komfort	«Sitteplasser skal være bekvemme»	Ikkje omtalt	Risiko for harde og ukomfortable seter. Bør vurdere krav til polstring eller funksjonskrav til komfort.
Ventilasjon og oppvarming	Krav til ventilasjon og oppvarming (minst 20 °C). Krav til avtrekk, eksempelvis frå toalet	Krav til ventilasjon og oppvarming (minst 20 °C). Ventilasjonen skal vere tilpassa utforminga av romma, tiltenkt bruk, og forureinings- og fuktbelastning. Ingen konkret krav til avtrekk frå eksempelvis toalett.	Forskrift stiller krav til min temperatur. Dette er uendra, men oppdragsgjevar bør vurdere å stille krav til maks temperatur i passasjerområde. Bør vurdere krav til avtrekk frå toalett.
Støy	Ingen konkrete støykrav til passasjerområde, men har antydningar.	Ingen konkrete støykrav til passasjerområde, men har formuleringa «Skjerming mot sterk støy»	Oppdragsgjevar bør vurdere støykrav sjølv om kravet ikkje er særleg endra. <i>Kommentar: (indirekte stilles det krav til støy i passasjerområde gjennom: Forskrift om arbeidsmiljø, sikkerhet og helse for de som har sitt arbeid om bord på skip) Hurtigbåt 75dB(a) Ferje 60/65dB(a) avhengig av rom)</i>
Farleg reisegods	Ikkje tillatt	Tillatt ved oppfylt tilleggskrav	Oppdragsgjevar kan (og bør) no stille krav til at det skal kunne medbringast farleg reisegods.

Enkelte forhold/krav er innskjerpa i den nye forskrifta og er soleis ikkje tatt med her



Rettleiar for krav til komfort og fasilitetar på hurtigbåt og ferje etter innføring av forskrift om tryggleik i passasjerområde:

	Hurtigbåt 12-50pax		Hurtigbåt 50-99pax		Hurtigbåt 100-199 pax		Hurtigbåt 200+pax	
Overfartstid	Under 30min	Over 30min	Under 30min	Over 30min	Under 30min	Over 30min	Under 30min	Over 30min
Tal toalett	1 toalett tilpassa UU	1 toalett tilpassa UU	1 toalett tilpassa UU+ 1 toalett	1 toalett tilpassa UU+ 1 toalett	1 toalett tilpassa UU+ 1 toalett	1 toalett tilpassa UU+ 2 toalett	1 toalett tilpassa UU+ 2 toalett	1 toalett tilpassa UU+ 3 toalett
Seteavstand	(forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	(forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	(forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	(forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	(forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	(forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	(forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	(forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)
Setedjupn*	450mm	450mm	450mm	450mm	450mm	450mm	450mm	450mm
Ventilasjon	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett
Krav til maks temperatur**	25°C	25°C	25°C	25°C	25°C	25°C	25°C	25°C
Krav til støy***	70dB(a)	70dB(a)	70dB(a)	70dB(a)	70dB(a)	70dB(a)	70dB(a)	70dB(a)
Krav til regulierbar rygg?	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans
Krav til sitjekomfort	Seter skal vere av ein slik kvalitet at dei vert opplevd som komfortable av dei reisande. Seter skal vere polstra og tekstil/skinn-trekte	Konkrete krav til polstring, høgdekrav til rygg.****	Seter skal vere av ein slik kvalitet at dei vert opplevd som komfortable av dei reisande. Seter skal vere polstra og tekstil/skinn-trekte	Komfort Konkrete krav til polstring, høgdekrav til rygg.****	Seter skal vere av ein slik kvalitet at dei vert opplevd som komfortable av dei reisande. Seter skal vere polstra og tekstil/skinn-trekte	Konkrete krav til polstring, høgdekrav til rygg.****	Seter skal vere av ein slik kvalitet at dei vert opplevd som komfortable av dei reisande. Seter skal vere polstra og tekstil/skinn-trekte	Konkrete krav til polstring, høgdekrav til rygg.****
Farleg reisegods	Passasjerar skal kunne ha med farleg reisegods på vilkår fastsatt i «forskrift om tryggleik i passasjerområde».							



Merknader:

* : Setedjup målt frå framkant av sittepute til bakkant mot rygg.

** : I passasjersalong

*** : Krav til støy: Støy målt i senter av passasjersalong skal ikkje overstige 70db(A) under alle hastigheiter, lastekondisjonar og vindstyrke inntil vindstyrke 2 på Beaufort skala (inntil 3,3 meter per sekund gjennomsnittleg vindstyrke over 10 minutt). Med senter i passasjersalong» meinast det punktet som er midt i passasjersalongen både i lengderetning og bredderetning, målt fra bakkant av bakerste seterad til fremkant av fremste seterad. Dersom dette punktet treffer fotavtrykket til kiosk, trappeoppgang, bagasjehylle eller annan tilsvarende hindring, skal støykravet knyte seg til det punktet i passasjersalongen utenfor aktuell hindring som er nærast senteret.

**** : Krav til sitjekomfort: Setene skal ha armlene mot midtgangen som kan fellast ned. Det skal være minimum 50 mm polstring i sittepute og minimum 25 mm polstring i ryggpute målt med nål i u-belasta seter. Polstring i sidene og øvre del av ryggputa må ha vesentlig større tjukkelse enn 25 mm. Vertikal høgd målt fra setets øvre fremkant til toppen av seteryggen skal vere minst 60 cm. Det skal være håndtak på foranstående seterygg.

	Ferje 0-49PBE		Ferje 50-99PBE		Ferje 100-149 PBE		Ferje 150PBE+	
	Under 30min	Over 30min	Under 30min	Over 30min	Under 30min	Over 30min	Under 30min	Over 30min
Tal toalett	1 UU toalett 2 Herretoalett 2 Dametoalett	1 UU toalett 2 Herretoalett 2 Dametoalett	1 UU toalett 2 Herretoalett 2 Dametoalett	1 UU toalett 2 Herretoalett 2 Dametoalett	1 UU toalett 3 Herretoalett 3 Dametoalett	1 UU toalett 3 Herretoalett 3 Dametoalett	1 UU toalett 4 Herretoalett 4 Dametoalett	1 UU toalett 4 Herretoalett 4 Dametoalett
Sete-avstand	forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)	forskrift + krav til setedjupn gjev ca 75cm seteavstand)
Setedjupn*	450mm	450mm	450mm	450mm	450mm	450mm	450mm	450mm
Avtrekk toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett	Vurdere tilleggskrav om avtrekk frå toalett
Krav til maks temperatur	25°C	25°C	25°C	25°C	25°C	25°C	25°C	25°C
Krav til støy **	50 db	50 db	50 db	50 db	50 db	50 db	50 db	50 db
Krav til regulerbar rygg?	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans	Oppdragsgjevar vurderer relevans
Tal sitjeplassar	25% av passasjersertifikat	50% av passasjersertifikat	25% av passasjersertifikat	50% av passasjersertifikat	25% av passasjersertifikat	50% av passasjersertifikat	25% av passasjersertifikat	50% av passasjersertifikat



Merknader:

** : Setedjup målt frå framkant av sittepute til bakkant mot rygg.*

*** : Krav til støy: Støy målt i senter av passasjersalong skal ikkje overstige 50db(A) under alle hastigheiter, lastekondisjonar og vindstyrke inntil vindstyrke 2 på Beaufort skala (inntil 3,3 meter per sekund gjennomsnittleg vindstyrke over 10 minutt).*

Kommentar for både hurtigbåt og ferje

- I høve tal toalett må oppdragsgjevar være obs på spesielle ruter f.eks. turistruter/ruter med stor busstrafikk som kan ha trong for auka tal toalett.

- Krav til universell utforming er ikkje regulert i denne forskrifta, men i relevante byggjeforskrifter. For rettleiing på dette temaet visast det til:

<https://maritim.universellutforming.org/passasjerskip/>